


24.10.2014

Eld og vatn kan vere noko fanteri på feil stad, til feil tid og i feil mengde! Brukt på rett vis, er desse elementa likevel til stor velsigning for menneska og til stor nytte i tilværet. Då SRK kom på bedriftsbesøk til Riksheim kraftverk den 20.august, viste vatnet seg frå si mest kraftfulle side - etter langvarig og kraftig regn. Sjå berre!



Riksheimelva viste seg frå si mest kraftfulle side, men den gamle kvelvingbrua ved hovudvegen sto støtt!



Her kan vi snakke om spillvatn! Den nye, nedgravne rørgata til venstre for elva. Kraftverket utnyttar vasskraft med ei fallhøgde på 259 m frå inntaksdammen på åskammen og ned til Riksheim kraftverk.



Det dundra og braka rett ved den gamle og den nye kraftstasjonen.

SKK
1918-1958

Dei var tidleg ute med energiproduksjon, sykkylvingane! Den gamle kraftstasjonen vart teken i bruk i 1918. Den nye i oktober 2013. Han er teikna av vårt gode Rotary-medlem Odd Holen, her ved ein dugnad i Kyrkjeparken:





Den gamle, til venstre, og den nye, ligg tett ved Riksheimelva.



Adm. dir. Trond Lauritsen viser rotarymedlemmene veg inn i stasjonen frå 1918.



Administrerende direktør Lauritsen, til v.: "Det er en glede og en ære å få ønske Rotary velkommen til Riksheim!" Vidare ser vi president Jarle Svindseth og planleggar John Ivar Mork i Sykkylven Energi AS.



Det vert ikkje lenger produsert kraft i den gamle produksjonshallen, men dei to turbinane står framleis... enn så lenge. Prosessen med vidare skjebne for bygning og utstyr er i gang.



Svenske ASEA er tydelegvis leverandør av denne generatoren, men hakekors-merket oppe til høyre kan tyde på at produksjonslandet er eit anna.



Vassrøret leier vatnet inn på turbinhjulet.



Ein nyare generator, levert av NEBB; Norsk Elektrisk & Brown Boveri.



Bjarne Brekke installerte som 20-åring eit lite kraftverk i ei elv i heimkommunen Vanylven. Det gav lys til 5-6 gardsbruk. Well done, då, men no er både den og denne generatoren pensjonert, som installatøren.

NEBB
Likeström **GEV GF 144**
Nr. K 151228
Ytelse volt amp Drift
26 kW **70** **370** **2011**
Omdr.: **1090** Magn.: **70 V 10 A**
NORSK ARBEID



20/08/2014


Den nye kraftstasjonen vart teken i bruk i oktober 2013. Installert effekt er 5,5 GWh. Forventet produksjon er 28 GWh. Eier Sykkylven energi som igjen er heleid av Sykkylven kommune. Turbinen er ein såkalla Brekke-turbin etter Pelton-prinsippet. Denne har fem injektorar som "sprutar vatn" på skovlane.



Vassrøret som fører vatn til injektorane.



Hallgeir Lade: Det er vi som har levert og montert rekkverket/ glasveggen her!



Bjarne, Olav og Jarle kjenner seg vel framfor den nye generatoren. Men turbinen er ikkje oppatkalla etter meg, seier Bjarne Brekke. Turbinen er utvikla av professor Hermod Brekke.



Erling, Ove, Kjell og Helge fordøyer alt dei har fått høyre av John Ivar Mork og Trond Lauritsen.



President Jarle formidla stor takk, gode ord og gåve til dei kunnskapsrike omvisarane Trond og John Ivar. Karl Johan (bak, til v.) har også vore med på omvisinga. Ei oppleving meir realistisk enn kva vi kan lese oss til i skulebøkene!



Den nye kraftstasjonen har ei forventet levetid på "meir enn 50 år". Den som lever, får sjå!
Tusen takk for oss, til Sykkylven Energi AS.

Kopiert av Olav P, mars 2015